



Hordaland fylkeskommune Økonomiavdelinga

Postb. 7900

5020 BERGEN

Vår ref.

04/172-30/N-556.2, TYPE-K, GBNR-026/0021,
GBNR-012/0028//ARST

Dykkar ref.

Dato:

16.04.2015

Branntilsyn Norheimsund vidaregåande skule

Gardsnr: 12 Bruksnr: 28
« 26 « 21

Objekttype: **a**

Adresse: Dalatunvegen 40, Steinsdalsvegen 191

I medhald av:

”Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og brannvesenets redningsoppgaver” (brann- og eksplosjonsvernlova), §13, med tilhøyrande ”Forskrift av 26. juni 2002 om brannforebyggjande tiltak og tilsyn”(førebyggjandeforskrifta) § 6 - 2, og «Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) av 01.januar 1997 vart det utført tilsyn den 24.03.2015 på ovanemnde eigedom.

Tryggleiksnivået i objektet er vurdert i samsvar med krava i førebyggjandeforskrifta og helse, miljø og tryggleiks – lovgjevinga.

Tilstades ved tilsynet:

Brannvernleiar: Sigurd Sande

For verksemda: Evy Kleivane, rektor

Sverre Måkestad, HMT-leiar

For eigar: Inge Kålås, områdeleiar

For brannvernet: Arthur Strømme

Innleiing:

Føremålet med tilsynet var å vurdere om verksemda/brukar/eigar av objektet arbeider systematisk med branntryggleiken innanfor området:

- Rømingstillhøve, rømingstryggleik
- Brannvernopplæring og øvingar
- Brannteknisk dokumentasjon - teikningar.

Omfang:

Tilsynet vart innleia med synfaring i objektet gjennomgang av internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Det vart elles føreteke intervju for å verifisera at krav er stetta. Synfaringa omfatta *ikkje* avdelinga på Mo.

DEFINISJONAR:

- Avvik: Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggingsslovgevinga
- Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner er naudsynleg å påpeika for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.
- Kommentar: Utfyllande forklaring av avvik/funn som skildrar dei faktiske tilhøve ved objektet.

OPPFYLGJING ETTER SISTE GONGS TILSYN

Førre tilsyn vart avhalde: 06.06.2013

Dei **avvik** som vart avdekka under dette tilsynet er fylgd opp, utbeta eller lukka.

Avvik:

Fylgjande avvik vart avdekka under tilsynet:

Avvik 1:

- Manglar ved og manglande dokumentasjon av branncelleavgrensande konstruksjonar.

Avvik frå:

- § 2 – 1, Førebyggjandeforskrifta

Kommentar:

- Trapperom i underetasje i administrasjonsbygget. Krav til dører ut i trapperommet er ikkje eller berre delvis stetta. Dette gjeld og for dører ut mot korridor sidan denne er open mot og såleis ein del av trapperommet. Hallen her skal i nær framtid byggjast noko om grunna installasjon av ny heis. Det er då viktig at eigar samstundes syter for naudsynleg brannteknisk oppgradering.
Korridor i administrasjonsbygget. Det vart ikkje lagd fram dokumentasjon som viser at blenda dørøpningar er utført i høvet til kravet til brannmotstand for skiljekonstruksjonen.
Det vart ikkje dokumentert at avslutninga mot tak for branncelleavgrensande skilje i verkstadbygget mellom bil- og mekanisk avdeling er i tråd med krava.
Synfaringa viste at det er innvendige hjørne der det ikkje er naudsynleg avstand mellom vindauga i ulike brannceller, t.d. mellom mekanisk og elektroavdeling.
Eigar må elles ta ein gjennomgang av bygningane for få tetta gjennomføringar i ulike brannskiljande konstruksjonar.
- Det vart gjord ei brannteknisk risikovurdering av objektet og utarbeidd ein branntekniske statusrapport i 2011. Denne fekk me overlevert fyrst no på slutten av tilsynet. Me vil understreka at føremålet med ei synfaring i samband med eit tilsyn, er å få eit bilete av dei branntekniske tilhøva, at objektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i tråd med gjeldande føresegner, denne gongen med vekt på rømingssvegar. Medan ein fullstendig oversikt over avvika vil normalt vera resultat av den branntekniske vurderinga og gå fram av rapporten.

Eigar må fylgja opp og få lukka desse avvika. Då rapporten er utarbeidd for over tre år sidan, reknar me med at ein er godt i gang med dette utbetringsarbeidet, på grunnlag av ein komplett framdriftsplan. Me bed at denne framdriftsplanen vert oversend saman med tilbakemeldinga frå Dykk.

Avvik 2:

- Mangelfulle branntekniske teikningar

Avvik frå:

- §§ 2 – 1, 3 -1, Førebyggjandeforskrifta

Kommentar:

- Det er utarbeidd branntekniske teikningar, men desse er ikkje oppdaterte. Desse teikningane skal på ein heilskapleg måte visa bygningane sine branntekniske løysingar.

Fylgjande tilhøve vart elles etterspurd under tilsynet:

- Brannvernopplæring og øving
§ 3 – 3, Førebyggjandeforskrifta, § 5.2, pkt 2 og 3, Internkontrollforskrifta
- Verksemda/skulen har rutinar for opplæring og jamlege øvingar, og oversikt som dokumenterer deltakinga av dei tilsette. Me minner om at denne vil vera eit verkty for sikra at alle dei tilsette får naudsynleg opplæring og deltek på øvingane.
Det er dessutan rutinar for brannvernopplæring for nytilsette og vikarar, vart det opplyst.

OPPSUMMERING

På oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik gjennomgått.

Det var semje om at eigar saman med verksemda finn løysingar for å utbetra dei avvik som er nemnde i denne rapporten.

TILBAKEMELDING

I det me viser til Forskrift av 26. juni 2002 om brannførebyggjande tiltak og tilsyn, § 6 – 2 fyrste ledd, ber brannvernet om ei skriftleg tilbakemelding med framdriftsplan med opplysningar korleis avvik og merknader nemnde ovafor vil verta retta/fylgd opp. Framdriftsplanen vert å senda Kvam brann og redningsteneste innan **28.05.2015**.

Helsing

Arthur Strømme
Branningeniør/Varabrannsjef

Kopi til:

Norheimsund vidaregåande skule
Norheimsund vidaregåande skule v/ Sigurd Sande
Norheimsund vidaregåande skule v/ Sverre Måkestad